

TYSVÆR KONTROLLUTVAL

MØTEINNKALLING

Dato: tysdag 7. februar 2017
Tid: kl. 18.00
Sted: Kårstørommet, Tysvær rådhus

Forfall meldes til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS tlf 52 75 73 50 eller
tlf. 95 98 69 79 /sms/ e-post: post@kontrollutvalgene.no

Medlem som må melde forfall eller meiner seg ugild, må gje melding om dette så tidleg som råd er. Varamedlemmer vil bli innkalla særskilt. Saker merka *Ikkje offentleg - jf. off.l.*, blir berre sendt internt. Sakskart vil lagt ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Rådmannen er invitert/innkalla for å orientere og svare på spørsmål i sakene 2/17- 5/17

Saksliste:

- 1/17 Godkjenning av protokoll frå møte 15.11.16
- 2/17 Orientering frå administrasjonen - omsorgssjefen
- 3/17 Tilbakemelding – rutinar, delegasjonsreglement m.m.
- 4/17 Tilbakemelding – rutinar rundt postlister, publisering og utsending av saker
- 5/17 Oppfølging av forvaltningsrapport «Internkontroll»
- 6/17 Forvaltningsrevisjonsrapport «Kvalitet i opplæringa i skulane i Tysvær»
- 7/17 Val av forvaltningsrevisjonsprosjekt – levering i 2017
- 8/17 Årsmelding for 2016 frå kontrollutvalet
- 9/17 Referat- og orienteringssaker 07.02.17

Eventuelt

Aksdal, 31.01.17
Arne Gjerde (sign.)
utvalsleiar


Toril Hallsjø (sign.)
dagleg leiar/utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Rådmann (inviter/innkalla)
Varamedlemmer (til orientering)
Presse/publikum

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	07.02.17	1/17
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 15.11.16

Vedlegg: Protokoll fra møtet 15.11.16


Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 15.11.16 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og oversendt kommunen slik han ligg føre.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Protokoll frå møtet i kontrollutvalet 15.11.16 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 23.01.17



Toril Hallsjø (sign.)

Dagleg leiar/utvalssekretær

TYSVÆR KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Tysdag **15. november 2016** blei det halde møte i Tysvær kontrollutval under leiing av utvalsleiar Arne Gjerde.

MØTESTAD:	Lars Hertervig-rommet, Tysvær rådhus
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 18.00 – kl. 20.40
MØTANDE MEDLEMMER:	Arne Gjerde (H), Linda Ånderå Bokn (V), Karsten A. Larsen (FrP) og Åse Paulsen (A)
MØTANDE VARAMEDLEM:	1. varamedlem Marit Hølland Gjerdrem (Sp)
FORFALL:	Øyvind Hellerslien (FrP) pga. offshoreoppdrag
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor/partner Roald Stakland, KPMG AS
ANDRE SOM MØTTE:	Rådmann Arvid S. Vallestad, økonomisjef Tor Leif Helgesen og leder fellessekretariatet Liv Jorunn Frønsdal t.o.m. sak 24/16. Barnehagesjef Anne-Lise Myrvoll i sak 22/16
MERKNADER TIL INNKALLING	Kort varsel for varamedlem.
MERKNADER TIL SAKSLISTE:	Under referatsaka ønskte utvalet ei status frå revisor om arbeid med rapport.

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 20/16 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 08.09.16

Sekretariatet si innstilling:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 08.09.16 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 15.11.16:

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 15.11.16:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 08.09.16 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 21/16 FØREBELS REKNESKAP 2016 OG FRAMLEGG TIL BUDSJETT 2017 OG ØKONOMIPLAN 2018-2020

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tar orienteringa om førebels rekneskap 2016 og rådmannen sitt framlegg til budsjett 2017 og økonomiplan for Tysvær kommune 2017-2020 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 15.11.16:

Utvalsleiar hadde spørsmål knytte til innsparingar omtalt i rådmannens sitt forord og om eigedomsskatten. Rådmannen orienterte/forklarte om kommunestyret sitt sparekrav på 57,2 mill. kr i perioden 2013-20. Han viste til at det til no er spart 34,1 mill. og er gjort framlegg om 19,1 mill. i perioden. Rest på 4 mill. er utsette investeringar. Samla ressursbruk er no 13 % over landssnitt (utan Oslo). Gode skatteinntekter gjer at kommunen får historisk høgt netto driftsresultat (6-7 %) i perioden. Rådmannen framheva kor viktig det er å investere overskotet i «gode» bygg og infrastruktur. Det er gjort framlegg om å investere 540 mill. kr i planperioden, utan å auke lånegjelda.

Økonomisjefen orienterte om uvisse knytte til regelverk/fordeling til kraftkommunar (172) og for nivå på eigedomsskatt frå verk og bruk (Kårstø-anlegget). Gassco og Statoil forbereder nå rettslig prosess, som vil ta tid og kan få store konsekvensar for mange kommunar.

Årets resultat går mot historisk beste resultat, men auka eigedomsskatt må forvaltast fornuftig til det ligg føre ein endeleg avklåring. Både rådmann og økonomisjef viste til Nils Øie sine ord i Tysværvisa at «dei som kjem etter kan seia som så; dei stelte seg vel her i Tysvær».

Utvalsleiar takka rådmannen og økonomisjefen for orienteringa.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 15.11.16:

Kontrollutvalet tar orienteringa om førebels rekneskap 2016 og rådmannen sitt framlegg til budsjett 2017 og økonomiplan for Tysvær kommune 2017-2020 til orientering.

SAK 22/16 ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN - BARNEHAGESJEFEN

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval tar barnehagesjefen si utgreiing om sitt ansvarsområde til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 15.11.16:

Barnehagesjefen orienterte. Kommunen har 11 barnehagar med ca. 150 tilsette (8 kommunale og 3 private). Dei har eit godt samarbeid (samordna opptak, felles prosjekt og kursdagar). Det blei vist til barnehagelova med forskrifter, kommuneplan, budsjett barnehageplan og årsplaner. Ny rammeplan er sendt ut på høyring i haust med frist 20.01.17. Ho hadde månadlege møte med styrarane. Pr i dag har ein overskot pga. vakanse og ledig kapasitet. Mest press er det i Akسدal/Garhaug. Strategiplan for kompetanse må reviderast. Sjukefråværet hadde vore høgt, men nedgang det siste året. Medarbeidarundersøkinga gav score på 4,9 (minst nøgd med løn og fysisk miljø).

Rådmannen kom med gode ord om hennar evne til å dele, sette i gang gode prosessar og resultat.

Utvalet kom med spørsmål om redusert betaling, barn i andre kommunar, som barnehagesjefen svarta på. Utvalsleiar takka for orienteringa.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 15.11.16:

Tysvær kontrollutval tar barnehagesjefen si utgreiing om sitt ansvarsområde til orientering.

SAK 23/16 OPPFØLGING AV POLITISKE VEDTAK

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval tek rådmannen si tilbakemelding av 07.11.16 om oppfølging av politiske vedtak til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 15.11.16:

Rådmannen viste til at ansvaret var delt mellom økonomiavdelinga som no lagar tertialrapportar og følgjer opp budsjettet og fellessekretariatet som har ansvar for kommunen sitt sakshandsamingssystem.

Leiar fellessekretariatet Liv Jorunn Frønsdal gav utfyllande kommentarar til sitt skriv. Økonomisjef og rådmann supplerte. Forbetring er venta ved oppgradering av sak/arkivsystemet i 2017. Administrasjonen uttrykte delt i syn om dei hadde oversyn, men såg fram til å få eit betre system.

Utvalsleiar gjorde framlegg om eit tillegg i innstillinga, som han las opp. Utvalet slutta seg til framlegget.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 15.11.16:

Tysvær kontrollutval tek rådmannen si tilbakemelding av 07.11.16 om oppfølging av politiske vedtak til orientering, men konstaterer også at kommunen pr. d.d. ikkje har noko system som sikrar oversyn over saker som skal følgjast opp.

Kontrollutvalet er nøgd med at administrasjonen arbeider med forbetring av dette.

SAK 24/16 UTLÅN AV UTSTYR OG MASKINER TIL KOMMUNALT TILSETTE OG RUTINAR OG PRAKSIS RUNDT BRUK AV BILAR OG KØYREBOK

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval tek personal- og organisasjonssjefen si tilbakemelding og utgreiing om rutinar og praksis for lån av utstyr og maskinar og bruk av bilar og køyrebok for kommunalt tilsette til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 15.11.16:

Rådmannen viste til at dei hadde jobba mykje og lenge med dette temaet. Fyrst hadde dei sett på praksis og retningslinjer for tilsette innan teknisk, men så såg dei at det var trong for reglar for utstyr ved kulturhuset. No var det aktuelt å lage eit kommunedekkande for alle type tenester og tilsette som skal leggjast fram for administrasjonsutvalet i 2017. Viktig å sette reglar som hindrar misbruk som å nytte utstyret til lønna arbeid i fritida.

Utvalsleiar gjorde framlegg om eit tillegg i innstillinga, som han las opp. Utvalet slutta seg til framlegget.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 15.11.16:

Tysvær kontrollutval tek personal- og organisasjonssjefen si tilbakemelding og utgreiing om rutinar og praksis for lån av utstyr og maskinar og bruk av bilar og køyrebok for kommunalt tilsette til orientering.

Kontrollutvalet ber vidare om å få oversendt kopi av nytt reglement når dette er ferdig 1. kvartal 2017.

SAK 25/16 PLAN FOR REKNESKAPSREVISJONEN FOR 2016

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval tar revisor si presentasjon av plan for rekneskapsrevisjonen for 2016 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 15.11.16:

Revisor Roald Stakland gjekk i gjennom planen, som blei delt ut. Interimsrevisjonen ute i kommunen er avtalt i neste veke. Han orienterte om revisjonen sitt arbeid, prosessar og rutinar, om risikovurderingar og revisjonsområde som lønn, innkjøp, investeringar, sjølvkost, mva osv. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 15.11.16:

Tysvær kontrollutval tar revisor si presentasjon av plan for rekneskapsrevisjonen for 2016 til orientering.

SAK 26/16 MØTEPLAN FOR 2017 - KONTROLLUTVALET

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kontrollutval vedtar følgjande møteplan for 2017:
torsdag 07.02, 30.05, 05.09, 14.11 kl. 18.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato når det er naudsynt.

Handsaming i kontrollutvalet 15.11.16:

Utvalssekretær orienterte om framlegg. Utvalet hadde ingen merknader til tidspunkt og datoar.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 15.11.16:

Tysvær kontrollutval vedtar følgjande møteplan for 2017:

torsdag 07.02, 30.05, 05.09, 14.11 kl. 18.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato når det er naudsynt.

SAK 27/16 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 15.11.16

40. Statusrapport pr. november 2016
41. Komm.styrevedtak 25.10.16, sak 71/16 – Eigarskapsmelding – Tysvær kommune
42. Invitasjon – FKT i Rogaland - Haustkonferanse 17.11.16 i Sandnes – 3 påmeldt
43. Innkalling- repr.skapsmøte 01.12.16 – HIM IKS
44. Oppfølging av pålegg frå Statsarkivet og arbeid med arkivplan – utsett frist
45. Kommunal Rapport 29.09.16 – om revisjonsutgifter
46. KOSTRA-tall vedk. funksjon 110 – Kontroll og revisjon – 10 kommunar på Haugalandet
47. Førebels svar på klagebrev frå Ståle Iversen, Førresfjorden
48. Klagebrev frå Ståle Iversen m/ vedlegg (FM, dispensasjonssøknad og byggesøknad)
49. Forum for Kontroll og tilsyn (FKT) – høyringsuttale til NOU: 4 Ny kommunelov
50. Tilbakemelding frå revisor - forvaltningsrevisjon «Kvalitet i opplæring i skulane»
51. Deltaking/påmelding - NKRF sin Kontrollutvalskonferanse Gardermoen 01.– 02.02.17

Handsaming i kontrollutvalet 15.11.16:

Sekretær og utvalsleiar orienterte. Utvalet var samd i innstillinga i sak 50, då dei meinte det låg føre ei lovleg dispensasjon frå kommunen. Saka ligg utanfor utvalet sitt mandat. Revisor orienterte om at det hadde vore oppstartsmøte. Intervjuar var avtalt neste veke og aktuelle skuler var valt ut. Alt var etter planen. Utvalet var samd at, med bakgrunn i nytta av å vere fleire som reiste på konferansar og kommunen si økonomi, ville dei gje medlemmane høve til å melde seg på. Fristen er sett til 15.12.16.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 15.11.16:

Kontrollutvalet tar referatsakene 40 - 51 til orientering.

Til Haustkonferansen i Sandnes 10.12.15 deltek Gjerde, Paulsen og Larsen.

Tysvær kontrollutvalet tar referatsak 47 og 48 i sak 27/16 til orientering og går ikkje vidare med saka. Utvalet har ikkje mandat til å gå inn i enkeltsaker eller overprøve politiske vedtak.

Tysvær kontrollutval vedtar at alle dei faste medlemmane vert gjeve høve til å delta på NKRF-konferansen 1.-2.febr. 2017. Medlemmene meldar si interesse til sekretær for påmelding.

EVENTUELT

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

Neste møte

Neste møtedato er sett til tysdag 7. februar. Saker: årsmelding og forvaltningsrevisjonsrapport.

Aksdal, 15. november 2016

Arne Gjerde (sign.)
Kontrollutvalsleiar


Toril Hallsjø (sign.)
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	07.02.17	2/17
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – OMSORGSSJEFEN

Bakgrunn:

Kontrollutvalet vedtok i møtet 09.02.16, sak 3/16 å sette opp ein plan for orientering om resultalaområda og stabsfunksjonane i møta framover. Utvalet sette opp følgjande rekkjefølge:

- omsorgssjef,
- personal- og organisasjonssjef,
- skulesjef,
- helse- og førebyggingssjef,
- barnehagesjef,
- teknisk sjef,
- kultursjef,
- plansjef og
- økonomisjef.

Orienteringane er tenkt å gjere kontrollutvalet betre kjend med drifta av kommunen og dei utfordringar administrasjonen står overfor. Planen blei oversendt rådmannen 14.02.16. Det framgikk i brevet at tidspunkta kunne endrast/byttast for dei inviterte.

Det blei tidleg gjeve melding om at dei to fyrste inviterte ønskte å bytte dato, slik at personal- og org.sjef **Kristin Helle** møtte i maimøtet og skulesjef **Eli Krokedal** i september. Det var planlagt at omsorgssjef skulle møte i november, men ho varsla at det møtet kolliderte med eit anna møte, så barnehagesjef **Anne-Lise Myrvoll** møtte i november.

Omsorgssjef Annbjørg Lunde kjem no i februarmøtet. Det er rådmannen som vel om han også møter eller om ho møter som representant for rådmannen. Neste møte vil det bli anten fagfeltet helse- og førebygging eller teknisk.

Utvalet blei samd i at orienteringa skulle vere på ca. 20 minutt og deretter spørsmål. Utvalet kunne komme med innspel på emne og spørsmål via sekretariatet seinast ei veke før møtet, men helst så tidleg som mogeleg slik at dei inviterte skal kunne førebu seg.

Sekretariatet ser gjerne at det vert orientert om sterke og svake sider ved kommunen og kva utfordringar Tysvær kommune står foran, herunder seie litt om følgjande punkter:

Generelt om (støtte- og) resultateininga

- plassering i organisasjon
- tjenestetilbod
- personale: tal på tilsette, kompetanse, sjukefråver
- økonomi
- samarbeid med dei folkevalde

Tanker om framtida

- tenestebehov/tilbod – utfordringar/endringar
- kompetansebehov
- evaluering/utvikling


Kontroll og tilsyn

- tidlegare forvaltningsrevisjonar. I så fall, kva har disse ført til?

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Tysvær kontrollutval tek omsorgssjefen si utgreiing om sitt ansvarsområde til orientering.

Aksdal, 31.01.17



Toril Hallsjø (sign.)

Dagleg leiar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	07.02.17	3/17
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

TILBAKEMELDING – RUTINAR, DELEGASJONSREGLEMENT M.M.

Vedlegg: Rådmannen sitt brev av 30.01.17

Saksorientering:

Kontrollutvalet vedtok i møtet 23.05.16, sak 9/16 følgjande:

Tysvær kontrollutval ber om ei tilbakemelding frå rådmannen til neste møte på følgjande spørsmål:

- 1. Kva rapporteringsrutinar som finnast i dag til politiske utval for at desse er orienterte om saksomfang, vedtaksrutinar og avgjerslenivå i forhold til bruk av delegasjonsreglementet?*
- 2. Er det nedfelt skriftlege fullmaktar og delegasjonsreglement frå rådmann og vidare ned i organisasjonen?*

Skriftleg tilbakemelding ønskjer utvalet sendt til sekretariatet innan 30. januar 2017 og at rådmannen møter i februarmøtet.

Vedtaket blei oversendt rådmannen i brev av 30.05.16, og det blei sendt ei påminning i brev av 05.01.17.

Rådmannen har i brev, dagsett 30.01.17, oversendt si tilbakemelding til sekretariatet. Brevet følgjer vedlagt, men sekretariatet har valt også ta tilbakemeldinga inn i saksframlegget:

Spørsmål 1:

Det er noko uklårt kva som vert etterspurd. Dersom det ikkje vert gitt svar på spørsmålet, ber ein om at det vert presisert kva utvalet etterspør.

Saksbehandling og vedtak vert gjort etter føresegnene i forvaltningslov og særlov, og ut frå vedteke delegeringsreglement. Dette saksomfanget er svært stort og samansett, når vi ser kommunen sine ulike tenesteområder samla, og det er ikkje vurdert som hensiktsmessig å utarbeide generelle rutinar for å orientere politiske utval om saksomfang, vedtaksrutinar, eller kva nivå avgjersler vert tatt på.

Resultatområdet teknisk har rutine for å legge med ein rapport til teknisk utval som syner kva delegerte saker som er behandla og vedtekne.

Spørsmål 2:

Kommunestyret delegerer mynde frå kommunestyret til rådmannen. Det er deretter nedfelt skriffilege fullmakter og delegeringsreglement frå rådmann og vidare ned i organisasjonen. Tysvær kommune har gått til innkjøp av KF Delegeringsreglement, som er Kommuneforlaget sitt web-baserte system for ein betre oversikt over delegeringar frå politisk til rådmann, og vidare frå rådmann til organisasjonen.

Det vert for tida arbeidd i alle resultatområda og stabsområda med å legge vedtekne delegeringar inn i dette nye systemet. Når alt er lagt inn, vil ein legge link til KF Delegering ut på nettsida til Tysvær kommune slik at både innbyggjarar, folkevalde og tilsette på ein enkel måte kan finne vedtekne delegeringar.

Det vert samstundes jobba med andre reglement som har samanheng med delegeringsreglementet.

Dette gjeld bl.a.:


- *Budsjett- og økonomireglement*
- *Finansreglement*
- *Anskaffelsesreglement*
- *Klagereglement*
- *Reglement for Tysvær kommunestyre*
- *Reglement for formannskap, hovudutval og kommuneplanutval*

Tilbakemeldinga vert med dette lagd fram for utvalet.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Tysvær kontrollutval tek rådmannen si tilbakemelding av 30.01.17 om rutiner, delegasjonsreglement..m. orientering.

Aksdal, 31.01.17



Toril Hallsjø (sign.)

Dagleg leiar/utvalssekretær



Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS

Postboks 57
5575 Aksdal

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 30.01.17
Journalført: 17/044/LJA
Arkivkode: 216

TILBAKEMELDING - RUTINER, DELEGASJONSREGLEMENT M.M.

Kontrollutvalet ber om ei tilbakemelding på følgjande spørsmål:

1. Kva rapporteringsrutinar som finnst i dag til politiske utval for at desse er orienterte om saksomfang, vedtaksrutinar og avgjerslenivå i forhold til bruk av delegasjonsreglementet?
2. Er det nedfelt skriftlege fullmaktar og delegasjonsreglement frå rådmann og vidare ned i organisasjonen?

Spørsmål 1:

Det er noko uklårt kva som vert etterspurd. Dersom det ikkje vert gitt svar på spørsmålet, ber ein om at det vert presisert kva utvalet etterspør.

Saksbehandling og vedtak vert gjort etter føresegnene i forvaltningslov og særlov, og ut frå vedteke delegeringsreglement. Dette saksomfanget er svært stort og samansett, når vi ser kommunen sine ulike tenesteområder samla, og det er ikkje vurdert som hensiktsmessig å utarbeide generelle rutinar for å orientere politiske utval om saksomfang, vedtaksrutinar, eller kva nivå avgjersler vert tatt på.

Resultatområdet teknisk har rutine for å legge med ein rapport til teknisk utval som syner kva delegerte saker som er behandla og vedtekne.

Spørsmål 2:

Kommunestyret delegerer mynde frå Kommunestyret til rådmannen. Det er deretter nedfelt skriftlege fullmakter og delegeringsreglement frå rådmann og vidare ned i organisasjonen. Tysvær kommune har gått til innkjøp av KF Delegeringsreglement, som er Kommuneforlaget sitt web-baserte system for ein betre oversikt over delegeringar frå politisk til rådmann, og vidare frå rådmann til organisasjonen. Det vert for tida arbeidd i alle resultatområda og stabsområda med å legge vedtekne delegeringar inn i dette nye systemet. Når alt er lagt inn, vil ein legge link til KF Delegering ut på nettsida til Tysvær kommune slik at både innbyggjarar, folkevalde og tilsette på ein enkel måte kan finne vedtekne delegeringar.

Det vert samstundes jobba med andre reglement som har samanheng med delegeringsreglementet.

Dette gjeld bl.a.:

- Budsjet- og økonomireglement
- Finansreglement
- Anskaffelsesreglement
- Klagereglement
- Reglement for Tysvær kommunestyre
- Reglement for formannskap, hovudutval og kommuneplanutval

Med helsing

Arvid S. Vallestad
rådmann

Liv Jorunn Frønsdal
leiar politisk sekretariat

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og krev derfor ingen signatur.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	07.02.17	4/17
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

TILBAKEMELDING – RUTINAR RUNDT POSTLISTER, PUBLISERING, UTSENDING AV POLITISKE SAKER M.V.

Vedlegg: Rådmannen sitt brev av 30.01.17

Saksorientering:

Kontrollutvalet vedtok i møtet 23.05.16, sak 9/16 følgjande:

Tysvær kontrollutval ber om ei tilbakemelding frå rådmannen på følgjande spørsmål:

- *Skriftlege rutinar og praksis rundt publisering, tilgjengelegheit og innsyn i postlister,*
- *Skriftlege rutinar og praksis rundt utsending og offentleggjering av politiske saker til handsaming, og tilhørande protokollar,*
- *Skriftlege rutinar og praksis rundt korrespondanse og saker som ikkje er offentlege.*

Det vil være naturleg å avvente gjennomgangen til etter at kommunen har gjeve sitt svar på statsarkivet sin rapport etter tilsynet i 2016 , og at tilbakemeldinga finn stad innan 3 månader etter svar er sendt.

Skriftleg tilbakemelding ønskjer utvalet sendt til sekretariatet i forkant av møtet.

Vedtaket blei oversendt rådmannen i brev av 30.05.16.

Rådmannen søkte Statsarkivet i Stavanger om utsett frist til 01.11.16 for utarbeiding av plan i brev 02.10.16. Brevet blei lagt fram for kontrollutvalet som refeatsak i møtet 15.11.16 under sak 27/16, pk 44.

Rådmannen har i brev, dagsett 30.01.17, oversendt si tilbakemelding til sekretariatet.

Brevet følgjer vedlagt, men sekretariatet har valt også ta tilbakemeldinga inn i saksframlegget:

Skriftlege rutinar og praksis rundt publisering, tilgjengelegheit og innsyn i postlister:

Kommunen har sentralisert postmottak og e-postmottak som Dokumentsenteret har ansvaret for. Post som kjem inn vert journalført kontinuerleg. Det er utarbeidd rutinar for handsaming av dokument, dvs både fysisk post og e-post. Rutinane presiserer mellom anna kva som skal journalførast og publiserast.

Elektronisk postjournal frå sak- og arkivsystemet ePhorte er tilgjengeleg tre dagar etter journalføring, noko som er vanleg praksis i det offentlege.

Bakgrunnen for tre dagar forseinking er at ein skal kunne kvalitetssikre det som vert lagt ut på postlista. Postlista ligg tilgjengeleg på framsida til kommunen sine nettsider, under valet «postlister». Ein vil ikkje kunne opne dokumenta frå postlista, men på ein enkel måte tinge innsyn i dokumenta ved å følgje link som ligg til kvart dokument. Rutina er at ein skal få svar på innsynsførespurnad i løpet av tre arbeidsdagar, noko som er i samsvar med forarbeida til offentleglova.

Som kontrollutvalet er kjend med var det i april 2016 tilsyn frå Statsarkivet, der spørsmålet ovanfor var eit av fleire tema. I etterkant av tilsynet fekk ein i rapporten frå Statsarkivet følgjande tilbagemelding på korleis kommunen utfører dette arbeidet:

«Vurdering:

Statsarkivet vurderer kommunen sine ordningar slik at dei på alle vesentlege punkt er i samsvar med krava i lovgevinga».

Skriftlege rutinar og praksis rundt utsending og offentleggjering av politiske saker til handsaming, og tilhørande protokollar

Det er i «Reglement for Tysvær kommunestyre» fastsett at administrasjonen skal seinast 6 dagar (inkl. laurdag/søndag) før partia sine gruppemøter senda ut møteinnkalling med sakliste og saksutgreiningar. I praksis vil dette seie at sakene skal sendast ut tysdag veka før gruppemøte. Dei folkevalde får tilsendt sakene på ipad, og sakene vert samstundes publisert på kommunen sine nettsider under «politiske saker».

Det same reglementet inneheld også reglar for møteprotokoll. Protokollen skal sendast ut innan to dagar etter møtet, og vert samstundes publisert under same plass som innkallinga.

Skriftlege rutinar og praksis rundt korrespondanse og saker som ikkje er offentleg

Rutinane for journalføring inneheld også reglar for korleis ein skal registrere saker som ikkje er offentlege. Ved publisering vil desse dokumenta bli liggande på postlista, men vil vere skjerma for innsyn. Dersom det vert tinga innsyn i saker som ikkje er offentlege vert det gjort ei vurdering om delvis innsyn, jf reglane i offentleglova §12.

Når det gjeld politiske saker som ikkje er offentlege står det i «Reglement for Tysvær kommunestyre» at desse sakene skal kun sendast ut i papirformat til dei som skal ha slike dokument for å kunne ta stilling i saka. Ved revidering av dette reglementet våren 2017 vil ein tilpasse reglementet til at ein nå sender ut saker til ipad.

Answaret for rutinar for det som her er etterspurd var fram til 31.12.16 lagt til Fellessekretariatet. Frå nyttår vart Fellessekretariatet splitta der Dokumentsenteret vart overført til Servicetorget og Politisk sekretariat vart eigen avdeling.

Answaret for spørsmål 1 ligg nå til Servicetorget, medan det er Politisk sekretariat som har answaret for spørsmål 2. Spørsmål 3 ligg både til Servicetorg og Politisk sekretariat, alt etter kva type dokument det gjeld (inngåande post, politisk sak mv).

Tilbakemeldinga vert med dette lagd fram for utvalet.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Tysvær kontrollutval tek rådmannen si tilbakemelding av 30.01.17 om rutinar rundt postlister, publisering, utsending av politiske saker m.v til orientering.

Aksdal, 31.01.17



Toril Hallsjø (sign.)

Dagleg leiar/utvalssekretær



Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS

Postboks 57
5575 AksdalHaugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKSMottatt dato: 30.01.17
Journalført: 17/04544a
Arkivkode: 216**TILBAKEMELDING - RUTINER RUNDT POSTLISTER,
PUBLISERING, UTSENDING AV POLITISKE SAKER M.V.**

Kontrollutvalet har bedt om ei tilbakemelding på følgjande spørsmål:

- Skriftlege rutinar og praksis rundt publisering, tilgjengelegheit og innsyn i postlister
- Skriftlege rutinar og praksis rundt utsending og offentleggjering av politiske saker til handsaming, og tilhørande protokollar
- Skriftlege rutinar og praksis rundt korrespondanse og saker som ikkje er offentlege.

Skriftlege rutinar og praksis rundt publisering, tilgjengelegheit og innsyn i postlister:

Kommunen har sentralisert postmottak og e-postmottak som Dokumentsenteret har ansvaret for. Post som kjem inn vert journalført kontinuerleg. Det er utarbeidd rutinar for handsaming av dokument, dvs både fysisk post og e-post. Rutinane presiserer mellom anna kva som skal journalførast og publisert. Elektronisk postjournal frå sak- og arkivsystemet ePhorte er tilgjengeleg tre dagar etter journalføring, noko som er vanleg praksis i det offentlege. Bakgrunnen for tre dagar forseinking er at ein skal kunne kvalitetssikre det som vert lagt ut på postlista. Postlista ligg tilgjengeleg på framsida til kommunen sine nettsider, under valet «postlister». Ein vil ikkje kunne opne dokumenta frå postlista, men på ein enkel måte tinge innsyn i dokumenta ved å følgje link som ligg til kvart dokument. Rutina er at ein skal få svar på innsynsførespurnad i løpet av tre arbeidsdagar, noko som er i samsvar med forarbeida til offentleglova.

Som kontrollutvalet er kjend med var det i april 2016 tilsyn frå Statsarkivet, der spørsmålet ovanfor var eit av fleire tema. I etterkant av tilsynet fekk ein i rapporten frå Statsarkivet følgjande tilbakemelding på korleis kommunen utfører dette arbeidet:

Vurdering:

Statsarkivet vurderer kommunen sine ordningar slik at dei på alle vesentlege punkt er i samsvar med krava i lovgjevinga.

Skriftlege rutinar og praksis rundt utsending og offentleggjering av politiske saker til handsaming, og tilhørande protokollar

Det er i «Reglement for Tysvær kommunestyre» fastsett at administrasjonen skal seinast 6 dagar (inkl. laurdag/søndag) før partia sine gruppemøter senda ut møteinnkalling med saksliste og saksutgreiingar. I praksis vil dette seie at sakene skal sendast ut tysdag veka før gruppemøte. Dei folkevalde får tilsendt sakene på ipad, og sakene vert samstundes publisert på kommunen sine nettsider under «politiske saker».

Det same reglementet inneheld også reglar for møteprotokoll. Protokollen skal sendast ut innan to dagar etter møtet, og vert samstundes publisert under same plass som innkallinga.

Skriftlege rutinar og praksis rundt korrespondanse og saker som ikkje er offentleg

Rutinane for journalføring inneheld også reglar for korleis ein skal registrere saker som ikkje er offentlege. Ved publisering vil desse dokumenta bli liggande på postlista, men vil vere skjerna for innsyn. Dersom det vert tinga innsyn i saker som ikkje er offentlege vert det gjort ei vurdering om delvis innsyn, jf reglane i offentleglova §12.

Når det gjeld politiske saker som ikkje er offentlege står det i «Reglement for Tysvær kommunestyre» at desse sakene skal kun sendast ut i papirformat til dei som skal ha slike dokument for å kunne ta stilling i saka. Ved revidering av dette reglementet våren 2017 vil ein tilpasse reglementet til at ein nå sender ut saker til ipad.

Ansaret for rutinar for det som her er etterspurd var fram til 31.12.16 lagt til Fellessekretariatet. Frå nyttår vart Fellessekretariatet splitta der Dokumentsenteret vart overført til Servicetorget og Politisk sekretariat vart eigen avdeling. Ansaret for spørsmål 1 ligg nå til Servicetorget, medan det er Politisk sekretariat som har ansaret for spørsmål 2. Spørsmål 3 ligg både til Servicetorg og Politisk sekretariat, alt etter kva type dokument det gjeld (inngåande post, politisk sak mv).

Med helsing

Arvid S. Vallestad
rådmann

Liv Jorunn Frønsdal
leiar politisk sekretariatet

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	07.02.17	4/17
Kommunestyret	07.03.17	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – «INTERNKONTROLL»

Vedlegg: Brev frå rådmannen 26.01.17
«Kvalitetshåndbok for TK – beskrivelse av system og kvalitetspolitikk»

Saksorientering:

Bakgrunn

Kommunestyret vedtok samrøystes i møte 12.04.16, sak 14/16 følgjande:

1. *Tysvær kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport «Internkontroll – Tysvær kommune 2015» og tek denne til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sin hovudbodskap og tilrådingar.*
3. *Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

Rapporten blei utarbeida i 2015 og lagt frå fram for kontrollutvalet i møtet 01.09.15, sak 15/15. Revisor hadde følgjande hovudbodskap og tilrådingar:

Kommunen har for tida to prosessar/prosjekt gåande, høvesvis nytt system for kvalitetsstyring og nytt styringssystem. Felles for styringssystem og kvalitetsstyring er at dei begge er ledd i å etablere "orden i eige hus" gjennom planlagde og strukturerte prosessar og aktivitetar.

Vurderer ein god praksis for styring og kvalitet opp i mot kommunen sine pågåande prosessar, er KPMG sin vurdering at det ligg føre vesentlege manglar.

Ut i frå revisjonen sitt føremål og problemstillingar, kan manglane grupperast i to:

- *Systemet for kvalitetsstyring er ikkje tilstrekkeleg integrert i styringssystemet*
- *Prosjektorganiseringa for nytt kvalitetssystem framstår uklar.*

Det er vår vurdering at kommunen kan ta grep for å bringe prosessane inn på "rett spor".

Basert på våre funn og vurderingar rår vi til følgjande:

- *Kommunen bør gripe fatt i prosjektorganiseringa for kvalitetssystemet ved å redefinere organisering, leveransekrav, ansvar og tidsfristar for prosjektet.*
- *I det vidare arbeidet med å utvikle kvalitetssystemet, bør kommunen ha eit ytterligare fokus på integrering med styringssystemet, og bør då særleg sjå på:*
 - *Rutinar:*
 - *kartlegge kva rutinar som gjenstår å få på plass,*
 - *presisere i endå større grad kva form rutinar skal ha,*
 - *tydeliggjere i kva tilhøve dei skal stå til kvarandre (hierarki), deriblant plassering av rutinar og andre sentrale dokument, samt kopling dei imellom*
 - *system for å formidle rutinar ut til alle tilsette,*
 - *Operasjonalisere og tydeliggjere styringssystemet ved hjelp av aktivitetar og rutinar:*
 - *Basere den vidare utviklinga av internkontrollen på ein risikoanalyse,*
 - *System for å handtere og rapportere avvik,*
 - *System for å følge opp og rapportere korleis strategiar/ rutinar for styring og kvalitet vert tatt i vare.*

Rådmannen har i brev, dagsett 26.01.17, gjeve tilbakemelding på status for dei omtala punkta og korleis dei er følgt opp. Brevet følgjer saka som mangfoldiggjort vedlegg (**vedlegg 1**).

I følgje kommunestyret sitt vedtak skulle tilbakemeldinga ha vore levert i haust, men det har rådmannen ikkje klart som følgje av at systemansvarlig for kvalitetssystem slutta i haust.

Rådmannen skriv tilbakemeldinga mellom anna:

Det er i budsjettet for 2017 bestemt at status for arbeidet med internkontroll (kvalitetssystemet) skal evaluerast våren 2017. Organisasjonen skal svara på ei undersøking som skal danne grunnlaget for denne rapporten. Rapporten vil svara på det KPMG påpeikar i sin rapport

Framdrift for dette er:

- *AMU 12. mai*
- *Kontrollutvalet 30. mai*
- *ADMU 13. juni*
- *Kommunestyret 20. juni*

Status for arbeidet med internkontrollen (kvalitetssystemet) pr. 01.01.2017

Kvalitetshandboka blei handsama i AMU 28.april 2016 og ADMU 24.mai 2016. Kvalitetshandboka svara på ein del av det KPMG gir tilbakemelding på i sin rapport. Handboka er vedlagt denne tilbakemeldinga til kontrollutvalet. (vedlegg 2)

Dokumentmodul:

Organisasjonen er komen godt i veg når det gjeld dokumentmodulen. Det manglar framleis ein del, og for dette må kvart resultatområde leggja ein plan for korleis ein skal komma i mål. Samstundes er det slik at arbeid med ein internkontroll aldri kan ferdigstillast. Det skal vera slik at ein har stadig revisjonar og oppdateringar slik at dokumenta til ei kvar tid stemmer i forhold til gjeldande praksis, lov og avtaleverk. Det vil også heile tida avdekkast behov for nye retningslinjer, prosedyrar og rutinar. Kvalitetsarbeid er ein kontinuerleg arbeidsprosess.

Avviksmodulen:

Når det gjeld avviksmodulen er status for denne ikkje slik ein kunne ønska. Det er fortsatt tenester som ikkje har fått opplæring, og organisasjonen melder ikkje nok avvik. Avviksmodulen må derfor få ekstra fokus dette året.

Det er fleire grunnar til at ein er komen for kort i innføring avviksmodulen. Ei av årsakene er kapasitetsutfordringar for dei som har hatt ansvar for innføringa. Nødvendig dagleg drift av organisasjonen har gått på bekostning av opplæring og oppfølging av avviksmodulen.

Evalueringa som skal gjennomførast må også ta opp i seg ei vurdering av korleis ein innførte systemet, og kva ressursar som blei sett av. Dette er eit stort organisasjonsprosjekt som krev ressursar både i innføringsfasen og i oppfølging av systemet.

Risikomodul:

Det har vore planlagt oppstart av innføring av risikomodulen dette året. Dette blir førebels lagt på is i påvente av at dokumentmodulen og avviksmodulen er på plass. Det kan likevel nemnast at ein skal ha opplæring i risikovurdering for HMS-gruppene i løpet av våren/ettersommar 2017.

Sekretariatet sine kommentarar

I følgje kontrollutvalgsforskrifta med merknader, ligg det til kontrollutvalget å sjå til at rådmannen følgjer opp rapportar. Det ligg ikkje til kontrollutvalet å fastsette korleis administrasjonen skal følgje opp påviste avvik/manglar i det konkrete tilfellet, då dette er rådmannen sitt ansvar. Kontrollutvalet kan likevel melde saka vidare til kommunestyret dersom kontrollutvalet meiner saka ikkje er følgd opp på ein tilfredsstillande måte.

Dette synes ikkje være aktuelt i denne saka, då tilbakemeldinga er rådmannen sitt svar og tilrådingane er følgd opp og forbetringstiltak er sett i verk, eller der er lagt planar for oppfølging.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK OG INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET:

Tysvær kommunestyre tar tilbakemelding om oppfølging av KPMG sin rapport «Internkontroll» til orientering.

Aksdal, 31.01.17

Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær



Kontrollutvalet

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 30.01.17
Journalført: 17/043/Lha
Arkivkode: 214

OPPFØLGING AV RAPPORT OM INTERNKONTROLL – KOMMUNESTYRET SITT VEDTAK 12.04.2016

KPMG gjorde på bestilling frå kontrollutvalet ein forvaltningsrevisjon av Tysvær kommune sin internkontroll. Forvaltningsrevisjonsrapporten blei handsama i kontrollutvalet 01.09.2015. Internkontrollrapporten gir oss nokre anbefalingar om vegen vidare.

- KGMG meiner at system for kvalitetsstyring ikkje er tilstrekkelig integrert i styringssystemet
- Kartlegga kva rutinar som gjenstår å få på plass
- Presisera i endå større grad kva form rutinar skal ha
- Tydeliggjera korleis dokumenta skal stå i forhold til kvarandre, deriblant plassering av rutinar og andre sentrale dokument, samt kopling mellom dei
- System for å formidla rutinar ut til alle tilsette
- Kommunen bør redefinera organisering, leveransekrav, ansvar og tidsfristar

Operasjonalisera og tydeleggjera styringssystem ved hjelp av aktivitetar og rutinar:

- Basera den vidare utviklinga av internkontrollen på ein risikoanalyse
- System for å handtera og rapportera avvik
- System for å følgja opp og rapportera korleis strategiar/rutinar for styring og kvalitet blir tatt i vare.

Kommunestyret vedtok på møte 12.04.16 i sak 14/16 følgjande:

1. Tysvær kommune har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport «Internkontroll-Tysvær kommune 2015» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sin hovudbodskap og tilrådingar.
3. Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyre via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 mnd. etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak

Punkt 3 i kommunestyret sitt vedtak skulle vore levert i løpet av oktober 2016. Av fleire grunnar, mellom anna at systemansvarleg for kvalitetssystemet sa opp stillinga si, klarte ein ikkje det.

Det er i budsjettet for 2017 bestemt at status for arbeidet med internkontroll (kvalitetssystemet) skal evaluerast våren 2017. Organisasjonen skal svara på ei undersøking som skal danna grunnlaget for denne rapporten. Rapporten vil svara på det KPMG påpeikar i sin rapport

Framdrift for dette er:

- AMU 12. mai
- Kontrollutvalet 30. mai
- ADMU 13. juni
- Kommunestyret 20. juni

Status for arbeidet med internkontrollen (kvalitetssystemet) pr. 01.01.2017

Kvalitetshandboka blei handsama i AMU 28.april 2016 og ADMU 24.mai 2016. Kvalitetshandboka svara på ein del av det KPMG gir tilbakemelding på i sin rapport. Handboka er vedlagt denne tilbakemeldinga til kontrollutvalet.

Dokumentmodul:

Organisasjonen er komen godt i veg når det gjeld dokumentmodulen. Det manglar framleis ein del, og for dette må kvart resultatområde leggja ein plan for korleis ein skal komma i mål. Samstundes er det slik at arbeid med ein internkontroll aldri kan ferdigstillast. Det skal vera slik at ein har stadig revisjonar og oppdateringar slik at dokumenta til ei kvar tid stemmer i forhold til gjeldande praksis, lov og avtaleverk. Det vil også heile tida avdekkast behov for nye retningslinjer, prosedyrar og rutinar. Kvalitetsarbeid er ein kontinuerleg arbeidsprosess.

Avviksmodulen:

Når det gjeld avviksmodulen er status for denne ikkje slik ein kunne ønska. Det er fortsatt tenester som ikkje har fått opplæring, og organisasjonen melder ikkje nok avvik. Avviksmodulen må derfor få ekstra fokus dette året.

Det er fleire grunnar til at ein er komen for kort i innføring avviksmodulen. Ei av årsakene er kapasitetsutfordringar for dei som har hatt ansvar for innføringa. Nødvendig dagleg drift av organisasjonen har gått på bekostning av opplæring og oppfølging av avviksmodulen. Evalueringa som skal gjennomførast må også ta opp i seg ei vurdering av korleis ein innførte systemet, og kva ressursar som blei sett av. Dette er eit stort organisasjonsprosjekt som krev ressursar både i innføringsfasen og i oppfølging av systemet.

Risikomodul:

Det har vore planlagt oppstart av innføring av risikomodulen dette året. Dette blir førebels lagt på is i påvente av at dokumentmodulen og avviksmodulen er på plass. Det kan likevel nemnast at ein skal ha opplæring i risikovurdering for HMS-gruppene i løpet av våren/ettersommar 2017.

Med helsing

Arvid S. Vallestad
rådmann

Kristin Helle
personal- og organisasjonssjef



TYSVÆR
KOMMUNE

VEDLEGG
SAK 4/17

②

KVALITETSHÅNDBOK FOR TYSVÆR KOMMUNE

**Beskrivelse av
kvalitetssystem
og kvalitetspolitikk**

1 Forord

RiskManager er Tysvær kommunes kvalitetssystem. Denne håndboken vil gi deg innføring og forståelse av dette.

Tysvær kommune har tatt i bruk to av modulene i RiskManager: modul for dokumentstyring og modul for avviksregistrering. RiskManager har også en tredje modul som er for risikovurdering. Denne modulen er planlagt innført fra høsten 2016.

Kvalitetssystemet er viktig for Tysvær kommunes troverdighet. Innbyggere, brukere, medarbeidere, politikere og andre berørte skal ha tillit til vår leveranse og forvaltning av fellesskapets ressurser. Kommunens kvalitetssystem er derfor et verktøy for å legge til rette for tillitsskapende forvaltning.

RiskManager skal være et hjelpemiddel som beskriver arbeidsoppgavene og hvordan disse skal utføres. Dermed reduseres sårbarheten ved utførelsen av oppgaver, personavhengigheten minimeres, og nyansatte kan komme raskt inn i jobben. Dette er viktig for å sikre forutsigbare tjenester for innbyggerne og for å opprettholde den kvaliteten som de utførte tjenestene skal ha.

Målet med kvalitetssystemet er at alle medarbeidere skal kunne utføre sine arbeidsoppgaver i henhold til avtalt nivå, metode, standard og kvalitet.

Kvalitetssystemet er et viktig verktøy for at rådmannen skal oppfylle krav i henhold til kommunelovens bestemmelser i § 23:

"Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instruksjoner, og at den er gjenstand for betryggende kontroll".

Systemet er en samling av nødvendige styringsdokumenter, prosedyrer, rutiner og retningslinjer.

Vårt kvalitetssystem skal være levende. Det betyr at dokumenter er under utvikling og at det meldes fra om feil og svikt i rutiner. Det samme gjelder forslag til forbedringer. Avvikssystemet hjelper oss til å bli bedre.

Aksdal.....

.....
Rådmann Arvid S. Vallestad

Innholdsfortegnelse

1	Forord.....	2
2	Mål og strategi	4
3	RiskManager.....	5
3.1	Tilgang til kvalitetssystem.....	5
3.2	Eier av kvalitetssystemet	5
3.3	Kvalitetsutvalg	5
4	Innhold i RiskManager.....	6
4.1	Dokumentstyring.....	6
	4.1.1 Eierskap, revisjon og godkjenning av dokumenter.....	6
	4.1.2 Koordinator.....	7
	4.1.3 Publisering av dokumenter og rutiner.....	7
4.2	Avvik- og forbedringssystemet.....	8
	4.2.1 Avvikshåndtering	8
	4.2.2 Oppfølging og lukking av avvik	8
	4.2.3 Rapporter og beslutningsstøtte	9
5	Internkontroll.....	10
5.1	Årlig gjennomgang/revisjon av RiskManager.....	10


2 Mål og strategi

Kvalitetssystemet er en del av kommunens internkontrollsystem og skal bidra til kvalitet i tjenesteproduksjonen.

For Tysvær kommune betyr dette å sikre etterlevelse av kommunens forpliktelser og systematisk arbeide for å oppnå økt brukertilfredshet og bedre omdømme.

«Kvalitet er å gjøre de riktige tingene riktig første gang, til rett tid, hele tiden og alltid tilstrebe forbedring og brukernes tilfredshet»

Demings sirkel :



- ✓ Kvalitetssystemet skal være et arbeidsredskap for alle ansatte og bidra til at de er involvert i kvalitetssikring og forbedringsarbeid
- ✓ Kvalitetssystemet skal fungere som et styrings- og ledelsesverktøy sammen med kommunens øvrige styringssystem
- ✓ Kommunens overordnede mål og strategier i kommuneplanen skal være retningsgivende for kvalitetssystemet.

3 RiskManager

Risk Manager består av tre deler, en dokumentmodul, et avvikssystem og en modul for risikovurdering. Kvalitetssystemet Risk Manager representerer en felles tilnærming for rutinene og reglementene som skal dokumenteres, samt gir god støtte i oppfølgingsarbeidet.

3.1 Tilgang til kvalitetssystemet

Risk Manager er tilgjengelig for alle ansatte via kommunens arbeidsflate. I dokumentmodulen kan alle ansatte se det som er publisert på egen seksjon og navigere for å se hva andre seksjoner har publisert. I avviksmodulen vil tilgangene være mer begrenset. Se nærmere beskrivelse under kapittel om avvikssystemet.

3.2 Eier av kvalitetssystemet

Rådmannen er den øverste ansvarlige for kvalitetssystemet, og personal – og organisasjonssjefen er systemeier. Alle resultatområdelederne og seksjonslederne har ansvar for at kvalitetssystemet er oppdatert og i bruk i sitt resultatområde.

3.3 Kvalitetsutvalget

Kvalitetsutvalg har til hovedoppgave å bistå rådmannen på overordnet nivå i det forebyggende og kvalitetsfremmende arbeidet i kommunen. Personal- og organisasjonssjefen er leder for kvalitetsutvalget som systemeier og har med seg systemansvarlige for de tre ulike modulene.

Kvalitetsutvalgets oppgaver:

Kvalitetsutvalget vil ha til oppgave å legge til rette for at informasjon om hendelser, tilsyn eller risikovurderinger som flere seksjoner kan lære av, gjøres tilgjengelig for hele organisasjonen. Utvalget skal sørge for at saker som gjelder hele kommunen blir meldt inn til rådmannsgruppen en gang pr halvår for diskusjon og beslutning. Kvalitetsutvalget skal følge opp og veilede slik at man kan nytte erfaringer fra andre og iverksette nødvendige tiltak på eget område.

Ledergruppene i resultatområdene gir statusrapporter til kvalitetsutvalget i forhold til internkontroll i eget resultatområde. Her skal HMS gruppenes arbeid med avvik inkluderes.

4 Innhold i RiskManager

4.1 Dokumentstyring

RiskManager Dokumentstyring skal samle alle virksomhetens kvalitetsdokumentasjon på en effektiv og oversiktlig måte. Dette omfatter i første rekke styringsdokumenter, prosedyrer, oppfølgingsdokumenter og lovhenvisninger.

Løsningen er utviklet på SharePoint plattform som gir svært gode samarbeidsmuligheter i styringssystemet.

- Retningslinjer og rutiner for alle kvalitetsområder er samlet på et sted
- Prosedyrer kan raskt fremskaffes på en enkel og intuitiv måte
- Gir god totaloversikt mht. vedlikehold og tilsyn
- Ivaretar versjonskontroll, historikk, revisjonskrav og varslinger
- Kan støtte godkjenningsprosesser i flere trinn

4.1.1 Eierskap, revisjon og godkjenning av dokumenter

Alle dokumentene i de ulike prosessene har en dokumentansvarlig som sørger for at dokumentene til en hver tid er oppdatert og godkjent. Dokumentansvarlig kan være seksjonsleder eller en ansatt med delegert ansvar for den spesielle rutinen/reglementet. Godkjenner av et dokument skal alltid være en leder. I Tysvær er hovedregelen følgende:

	<u>Godkjennes av:</u>
• Dokument som gjelder den enkelte seksjon:	Seksjonsleder
• Dokument som er felles for et stabs-resultatområdet:	Stabs- Resultatområdeleder
• Dokument som er felles for flere resultatområder:	Resultatområdeleder som er utpekt
• Overordnede styringsdokument:	Rådmannsgruppen v/aktuell leder

For å sikre at dokumenter er gyldige og oppdaterte, skal originalen ligge i RiskManager, med en ansvarlig eier av dokumentet. Det er viktig for kvalitetssikringen at dokumentet bare finnes i en versjon. Dokumentansvarlig har ansvar for revisjon og oppdatering ved behov. Revisjonsdato settes maksimum ett år fram. Systemet sender ut en varsling til vedkommende før neste revisjon. Eldre versjoner av dokumentene lagres i systemets historikk.

RiskManager har en søkefunksjon som gjør at det er lett å finne fram til ønskede dokumenter. Prosedyrer/rutiner er bygd opp etter en felles mal for å sikre lik oppbygging i hele systemet.

Alle dokumenter i RiskManager er identifisert ved:

- Versjons nr:
- Dokumentansvarlig:
- Dokumentnr:
- Godkjent dato:

- Sist revidert:
- Neste revisjon:
- Forfatter:
- Godkjent av:

4.1.2 Koordinator

Innen hvert resultatområde er det utpekt en koordinator som ivaretar områdets og de underliggende seksjoners behov for koordinering av kvalitetsarbeidet i dokumentmodulen.

Koordinators oppgaver:

- Sikre oppfølging, videreutvikling og vedlikehold av kvalitetssystemets innhold og bruk
- Bidra til å utvikle en kultur for kvalitetsarbeid
- Sikre at Tysvær kommunes kvalitetssystem og kvalitetsarbeid til enhver tid tilfredsstiller lovpålagte og egendefinerte krav.
- Bistå resultatområdeledere og seksjonsledere i arbeidet med å revidere og utvikle felles prosedyrer, rutiner og retningslinjer som vedrører kvalitetsarbeidet for resultatområdet.
- Bidra til samarbeid om kvalitetsutvikling på tvers av resultatområdet, seksjoner og fagmiljø.

Det kan være aktuelt å opprette egne kvalitetsgrupper innenfor resultatområder eller seksjoner.

4.1.3 Publisering av dokumenter og rutiner

Dokumentstyringen fungerer på følgende måte: De rutiner, planer og retningslinjer som er gjeldende blir publisert i RiskManager.

For å publisere dokumenter i RiskManager må den som har utarbeidet dokumentet sende dette til den som skal godkjenne det.

Alle hovedversjoner av reglement og rutiner skal arkiveres i Ephorte. Dette gjøres manuelt i dag, men vil bli integrert.

4.2 Avvik - og forbedringssystemet.

Forbedringsprosessen skal løpe kontinuerlig både i seksjonene og sentralt i kommunen, og den skal involvere alle ansatte.

Tysvær kommune har et felles system der alle meldinger om avvik, skader og nestenulykker skal registreres. Ved å registrere og behandle alle hendelser i samme system kan vi systematisk og oversiktlig arbeide med forbedring. Dokumentasjon av hendelser og tilhørende tiltak som blir iverksatt som følge av avvik, er en viktig kilde til forbedring av kommunens rutiner.

4.2.1 Avvikshåndtering

Et avvik defineres som en feil eller mangel i innhold og utførelse av de oppgaver og tjenester vi utfører ihht krav som er satt i:

- Lov, forskrift mv
- Retningslinjer
- Standard
- Rutine
- Vedtak
- Planar
- m.v

Det er utarbeidet egne veiledere:

- «Rettleiing for behandling av avvik i Tysvær kommune»
- «Rettleiing for melding av avvik i Tysvær kommune»

Avvik skal registreres ved alle typer avvik ansatte er involvert i eller observerer. Kommunen ønsker at meldingsterskelen skal være lav, men til sist er det den enkelte medarbeiders kvalifiserte skjønn som avgjør.

Melding av personlige feil/avvik skal ikke medføre direkte reaksjon mot den enkelte, men vedkommende må, i likhet med andre, forholde seg til de korrigerende tiltak som iverksettes.

Rådmann vil ha tilgang til alle innmeldte avvik i kommunen. Tilsvarende vil resultatområdeleder/stabsleder ha tilgang til alle avvik i sitt område, og seksjonsleder for sin seksjon. Verneombud vil ha lesetilgang til sitt verneområde. Den enkelte medarbeider vil ha tilgang til sine innmeldte avvik.

4.2.2 Oppfølging og lukking av avvik

Innmeldte avvik skal alltid gå tjenestevei og søkes løst på laveste nivå i organisasjonen.

Seksjonsleder er vanligvis mottaker av en avviksmelding, men andre kan også være mottaker av avvik. En avdeling kan f.eks ha ulike mottakere etter type avvik (HMS-avvik, tjenesteavvik).

Personal- og organisasjonssjef er mottaker av interne varslinger for hele organisasjonen. Den videre behandlingen styres av systemet, og de berørte aktører blir ledet gjennom systemet mht å beslutte hva som skal gjøres med det innmeldte avviket, hvem som skal iverksette et tiltak og frister for gjennomføring. Når tiltaket er gjennomført, blir dette rapportert i systemet. Avviket kan da lukkes. I ettertid kan også effekten av tiltaket sikres og legges inn i systemet. Melder av hendelsen kan i systemet holde seg oppdatert på hendelsesbehandlingen gjennom hele forløpet.

Det er i systemet lagt inn frister for prosessen med oppfølging av avvik:

- | | |
|--|------------------------------------|
| • Frist for behandler for å starte behandling: | 7 dager fra avviket er meldt |
| • Frist for å behandle avviket: | 3 uker fra behandlingen startet |
| • Frist for tiltak: | Den frist som behandler setter |
| • Varsel til overordnet om manglende behandling: | 7 dager etter frist for behandling |

Dersom det trengs mer enn 3 uker å behandle avviket kan en forlenge fristen. Utsettelsen må da

begrunnes.

Dersom systemet blir brukt til å melde om ting som ikke er avvik kan behandler velge å avvise dette, men avvisingen må da begrunnes.

Meldes det fra en avdeling inn et avvik som denne avdelingen ikke eier, skal dette avviket likevel gå tjenestevei. Behandler kan da velge å overføre avviket til rett avdeling. Behandler kan velge å ha lesetilgang til den videre behandling. Eks: Dersom en ansatt på en skole melder inn et avvik på mangler/feil i en rutine for oppfølging av sykemeldte går avviket til rektor, som igjen overfører avviket til Personal- og organisasjon som rette eier.

4.2.3 Rapporter og beslutningsstøtte.

Fra avvikssystemet kan man ta ut en rekke rapporter for oppfølgende behandling av de ulike hendelsestypene som er registrert. Hendelseslogg registreres og systematiseres i en database hvor ledere opp til rådmannsnivå blir gitt tilgang til tilpassede rapporter og statistikker innen sine relevante fag- og ansvarsområder. På den måten kan utvikling og trender for uønskede hendelser følges fortløpende, og forbedringsstrategier legges, prioriteres og budsjetteres.

HMS- gruppe – skal i møter gå gjennom både HMS-avvik og tjenesteavvik og:

- vurdere behovet og organisere opplæring i bruk av RiskManager avvikssystem.
- definere og videreformidle hva et avvik/en uønsket hendelse er, for å sikre en felles forståelse blant alle ansatte.
- ta ut rapport fra RiskManager til hvert møte og gjennomgå de innmeldte sakene. Leder og verneombud skal ha mulighet til å ta ut rapporter.
- ved gjennomgangen spesielt sette fokus på gjentatte og/eller alvorlige hendelser
- videreformidle til de ansatte (i personalmøter e.l.) den behandling/de forbedringer som kommer som et resultat av innmeldte saker.
- ved behov, eller etter forespørsel, komme med utdypende informasjon til AMU.
- Ha fast gjennomgang av handlingsplaner vedrørende HMS

Jf pkt 3.3. skal arbeidet med avvik i de ulike seksjonene og resultatområdene rapporteres til kvalitetsutvalget i forhold til internkontroll i egen område.

Rådmannsgruppa vil en gang pr. halvår bli orientert om avvik (inkludert informasjonssikkerhetsavvik) og forbedringsarbeid jf pkt 3.3

Arbeidsmiljøutvalget skal ha rapport om HMS-avvik og skademeldinger hvert kvartal.

Politisk nivå skal gjennom tertialrapport få status for forbedringsarbeidet på overordna nivå.

Rapportering av oppfølging politiske vedtak blir gjennom vedtaksoppfølging i ephorte. Avvik på manglende oppfølging av politiske vedtak skal registreres i Risk Manager.

5 Internkontroll

I tråd med kommunelovens § 23 skal rådmannen påse at kommunen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instruksjoner og at den er gjenstand for betryggende kontroll.

RiskManager er et viktig virkemiddel for at administrasjonen kan oppfylle kravet i loven.

Internkontroll er systematiske tiltak som skal sikre at virksomheten planlegger, organiserer, utfører og vedlikeholder sine aktiviteter i samsvar med gjeldende regelverkskrav og mål for virksomheten. Internkontroll er et ledelsesverktøy som fungerer som et hjelpemiddel for styring og utvikling av den daglige drift ved alle seksjoner.

I Tysvær kommune er internkontrollen integrert med, og bygget inn i, kvalitetssystemets rutiner og dokumentasjon og utgjør et vesentlig element i dette. Internkontroll i kommunen er beskrevet i rutiner og dokumenter som angår alle. Siden dette er særdeles viktige tema på en arbeidsplass, har seksjoner og resultatområder i tillegg skreddersydd rutiner på sine respektive områder.

Resultatområdene skal minst en gang i året gjennomgå internkontrollsystemet og vurdere om rutiner og system har fungert i praksis eller om det bør gjøres endringer.

5.1 Årlig gjennomgang/revisjon av RiskManager

Resultatområdeleder har ansvar for at RiskManager til enhver tid er hensiktsmessig og effektivt og at systemet ivaretar kommunens og seksjonens målsetning.

I gjennomgangen av RiskManager skal ledelsen i resultatområdene sikre at RiskManager til enhver tid er velegnet, tilstrekkelig og virkningsfullt. Gjennomgangen skal fastslå om det er samsvar mellom de aktuelle kravene i lover og forskrifter, internkontrollforskriftene, anvendte standarder, systemdokumenter og anvendt praksis. Gjennomgangen skal omfatte en vurdering av muligheter for forbedring og endringer av RiskManager.

Behovet for forbedring og oppdateringer skal vurderes fortløpende. Ansvaret ligger hos resultatområdeleder.

På rådmannsnivå tar kvalitetsutvalget initiativ til gjennomgang av kvalitetssystemets overordnede struktur og fellesbestemmelser. Som et minimum skal kvalitetshåndbok og de overordnede rutiner revideres og eventuelt oppdateres hvert år.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	07.02.17	6/17
Kommunestyret	07.03.17	
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – «KVALITET I OPP- LÆRINGA I SKULANE I TYSVÆR»

Vedlegg: Rapport – Forvaltningsrevisjon – Kvalitet på opplæringa i skulane - Tysvær kommune – utarbeida av KPMG AS, januar 2017

Bakgrunn

I møtet 23.05.16, sak 10/16 ba kontrollutvalet KPMG om å legge fram utkast til prosjektplan innanfor temaet som var det prosjektet som var sett som nr 1 i kommande plan. Temaet "Kvalitet på opplæringa i skulane" var og er det fyrste av dei prioriterte tema i Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020, som blei vedteken av kommunestyret 21.06.16, sak 40/16.

Kontrollutvalet godkjente prosjektplanen i møtet 08.09.16, sak 16/16, kor rammer og tidsplan blei fastlagd. Ramma blei sett til 200 timar og rapport skulle vere klår i på nyåret.

Mandat

Føremålet med prosjektet har vore å undersøke:

- *kva grad skulane v/ skuleleiinga gjennomfører jamleg skulebasert vurdering i tråd med forskrift om opplæring, og*
- *i kva grad verktøy vert nytta av skulane i kvalitetsarbeidet,*
- *i kva grad resultatmåla for skulane i strategiplanen for 2016- 2020 vert oppfylt,*
- *i kva grad resultatmåla for skulane i strategiplanen for 2012- 2015 vart oppfylt.*

Forvaltningsrevisjonen har eit forbedringsperspektiv, og skal identifisere eventuelle forbetningsområde og føreslå tiltak for forbedring.

Problemstillingar

Forvaltningsrevisjonen skulle gje svar på fylgjande problemstillingar:

1. *I kva grad tek skulane i vare krav til skulebasert vurdering i forskrift om opplæring § 2-1?*
2. *I kva grad nyttar skulane verktøy i kvalitetsvurdering og skuleutvikling?*
3. *I kva grad vert resultatmåla for skulane i strategiplan 2016- 2020 oppfylt?*

Forvaltningsrevisjonen skulle gje informasjon om ståa i høve til realiseringa av resultatmåla i skulane, og identifisere eventuelle forbetningsområde- og tiltak i arbeidet med å oppfylle resultatmåla.

Rapporten

KPMG har med dette som utgangspunkt gjennomført prosjektet. Rapport blei oversendt sekretariatet 16.01.17. Rapporten følgjer saka som vedlegg. Rådmannen v/skulesjefen sin høyringsuttale er tatt inn i rapporten.

Rapporten inneheld innleiingsvis eit samandrag av revisor sine funn. Føremål, revisjonskriteria og metode vert presentert i kapittel 1. Det er gjennom ført åtte intervju, herunder med sju av åtte rektorar. Skulane, dei økonomiske føresetnadene og tilstandsrapport vert presentert i kapittel 2. I kapittel 3 – 6 følgjer dei ulike problemstillingane med fakta og vurderingar. Uttale frå rådmannen v/skulesjefen er tatt inn i kapittel 7. Dokumentliste følgjer som vedlegg 1 i rapporten.

Revisor har kome med følgjande vurderingar (sekretariatet sin framheving og ord):

- *Alle skulane gjennomfører ei form for skulebasert vurdering jamnleg.*
- *Basert på tilstandsrapport og intervjuar kan det sjå ut som siste års innsparingane ikkje har hatt negativ innverknad på kvaliteten i skulen.*
- *Skulane nyttar verktøy i henhald til interne krav frå skuleeigar.*
- *Skulane fortel at verktøya er nyttige, og at dei utfyller kvarandre.*
- *Skulane arbeider godt med alle dei tre satsingsområda med tilhøyrande resultatmål som er nedfelt i strategiplanen 2016-2020.*

Revisjonen vil tilrå at kommunen får på plass eit høveleg system som sikrer at skulebasert vurderingar er forankra i mål, og som dokumenterer vurderingar, korleis desse er fulgt opp, evt. tiltak og ein plan for oppfølging av tiltak. Rådmannen meiner revisor er uklår når det gjeld bruk av omgrepet «mål», og at oppdraget har vore svært omfattande i forhold til tida som har vore til rådvelde.

Gjennomføring av forvaltningsrevisjon er eit viktig reiskap for å bidra til betre måloppnåing og auka kvalitet på tenestene i kommunen. Ein rapport kan gje grobotn for forbetringar og den kan vise at kommunen vert dreve på ein måte som ivaretar innbyggjarane/elevane sine behov og deira rettar best mogeleg.

Konklusjon:

Revisjonen meiner at forvaltningsrevisjonen viser at kommunen har eit lite forbetningspotensiale, men dei avdekkjer ingen store manglar og område som det bør gjerast umiddelbart noko med. Rådmannen er også nøgd med at rapporten konkluderer at skulane oppfyller lovkrava etter § 2-1.

Sekretariatet pleier å tilrå at kontrollutvalet ber kommunestyret gjere vedtak om å følgja revisor sine tilrådingar. I denne saka meiner sekretariatet dette ikkje er naudsynt.

Ein forvaltningsrevisjonsrapport skal systematisk bli fylgd opp for å sikre at forvaltninga set i verk tiltak for å rette opp påviste avvik/manglar, og kontrollutvalet må sørgje for at kommunestyret sine vedtekne merknader til rapporten vert følgd.

Det pleier å bli tilrådd at slik oppfølging skjer frå 9 til 12 månader etter at rapporten er vedteken av kommunestyret. Heller ikkje her meiner sekretariatet at det er naudsynt med ei oppfølging frå kontrollutvalet si side.

Er utvalet ikkje samd i å utelate dette, vil det kunne settast fram i møtet som følgande framlegg:


- *Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.*
- *Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 12 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

Det er kommunestyret som fattar endeleg vedtak i saka og om rapporten skal følgjast opp. Forskrift om kontrollutval slår fast at kontrollutvalet innstiller direkte til kommunestyret i saker angåande forvaltningsrevisjon.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK OG INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET:

Tysvær kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport «Kvalitet på opplæringa i skulane – Tysvær kommune» og tek denne til orientering.

Aksdal, 30.01.17



Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær



VEDL. 60
UPL. 6/17
Kontrollutvalget
Storiat IKS
Mottak dato: 16.01.17
Journalført: 17/022/Hha
Arkivkode: 216

(egent hefte)

Kvalitet i opplæringa i skulane

Forvaltningsrevisjonsrapport
Tysvær kommune

Januar 2017

www.kpmg.no

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	07.02.17	7/17
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallstjø	216	

VAL AV FORVALTNINGREVISJONSPROSJEKT - LEVERING I 2017

Bakgrunn:

Etter forskrift om kontrollutval skal kommunen **årleg** bli gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande lover og reglar. Utvalsleiar ønskjer at kontrollutvalet tar stilling til kva for eit prosjekt dei ønskjer å få gjennomført i 2017. Revisor sitt utkast til mandat for gjennomføring av prosjektet vil då bli lagt fram for utvalet sitt møte i mai.

Kommunestyret vedtok Plan for forvaltningsrevisjon 2016-20 i møte 21.06.16, sak 40/16. Kontrollutvalet har fått delegert mynde å gjere endringar i planen i planperioden dersom dei finn meir høveleg.

Følgjande prosjekt blei sett opp som prioriterte prosjekt:

1. **Kvalitet på opplæringa i skulane** (rapport ferdig januar 2017)
2. **Økonomistyring – herunder handtering av**
 - usikkerheit knytt til framtidig inntektsgrunnlag /
 - realisering av innsparingsvedtak
3. **Kvalitet/ressurseffektivitet innanfor pleie- og omsorgstenestene**

Dei andre prosjekte er uprioriterte:

- **Styring av investeringsprosjekt / avgjerdsgrunnlag for investeringar**
- **Etterleving av lovkrav innan barnevernstenesta**
- **Informasjonssikkerheit og handsaming av personopplysningar**
- **Kommunen sin omstillingsevne**
- **Etterleving av lovpålagte oppgåver i brannvesenet**
- **Ivaretaking av nye oppgåver etter Samhandlingsreformen**
- **Etterleving av regelverk innanfor sosiale tenester i NAV – kommunal del**
- **Tenestetilbod/kvalitet i høve til behovet innanfor rus- og psykiatritenestene**
- **Strategisk kompetansestyring**
- **Vedlikehald – oppfølgingsrevisjon**

Prosjekta har fått ei prioritert rekkefølge, men det er opp til utvalet om det vil velje prosjekt frå lista eller eventuelt eit anna prosjekt. Vedtatt plan inneheld også ein rekkje andre prosjekt som er identifiserte område lista i overordna analyse, som KPMG utarbeidde i 2016.

Konkrete prosjekt kan veljast ut frå:

- opplysningar kome fram under regnskapsrevisjon,
- saker som har vore handsama i kommunestyre og kontrollutval,
- administrasjonen sitt uttalte ønskje og behov,
- erfaringar frå tilsvarande forvaltningsrevisjonsprosjekt hos andre oppdragsgjevarar,
- forhold som har vore framme i media, nasjonalt eller lokalt,
- tilsyn utført av fylkesmannen eller anna tilsynsorgan.

Oppslag rundt om i landet om misleghald og uetisk framferd har ført til at mange kontrollutval har sett søkelys på korleis kommunen arbeider med dette, både generelt og innan meir spesifikke tema. Det blir derfor gjennomført prosjekter innan mellom anna etikk og risikostyring - retningslinjer og oppfølging og innkjøp

Vidare er mange utval merksame når det gjeld tenestetilbodet til spesielt utsette grupper i kommunane. Det vert gjennomført prosjekt innan m.a. barnevern, avlastning, rusvern og spesialundervisning.

Det kan settast søkelys på korleis kommunen møter sine innbyggjarar, og korleis brukarane sjølv opplever tilbodet. Normalt er brukarperspektivet inkludert i alle analyser, men det kan nemnast nokon typiske døme som:

- kvalitet i skolesektoren,
- innspel frå innbyggjarane,
- kvalitet og produktivitet i byggesaker,
- utbyggingsområde,
- sjølvkost.

Utvalet kan velje å setje i verk revisjon på andre område enn dei som er inkludert i analysen, t.d. fordi risikotilhøva i kommunen har endra seg.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Tysvær kontrollutval ber KPMG AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet "....." til møtet i mai 2017.

Aksdal, 31.01.17

Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	07.02.17	8/17
Kommunestyret	07.03.17	
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

ÅRSMELDING FOR 2016 FRÅ KONTROLLUTVALET

Vedlegg: Utkast til Årsmelding 2016

Saksorientering:

I følge kommuneloven § 77 pkt 6 skal ”*kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget*”.

Utkast til årsmelding for kontrollutvalet si verksemd i 2016 følgjer vedlagt. Den er sett opp etter omtrent same mal som tidligare årsmeldingar.

Årsmeldinga summerer opp utvalet sin aktivitet i 2016 og gir eit samandrag av dei hovedsaker som utvalet har hatt til handsaming gjennom året. Årsmelding gjer dessutan ei total oversikt over alle saker som har vore handsama og saker til orientering.

Årsmeldinga vert lagt fram for kommunestyret til orientering etter at kontrollutvalet har godkjent den. Eventuelle endringar som måtte komme frå utvalet vil bli innarbeida før den blir vidaresendt.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TILVEDTAK:

Tysvær kontrollutval godkjenner årsmelding for 2016, evt med følgende tillegg/ endringar:

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL INNSTILLING

Tysvær kommunestyre tar årsmeldinga for 2016 frå kontrollutvalet til orientering.

Aksdal, 31.01.17

Toril Hallsjø (sign.)

Dagleg leiar/utvalssekretær

TYSVÆR KOMMUNE

KONTROLLUTVALET ÅRSMELDING 2016



KONTROLLUTVALET

TYSVÆR KOMMUNE

INNLEIING

Kontrollutvalet si årsmelding er ei tilbakemelding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp drøfta og handsama i 2016.

I følgje kommunelova § 77 pkt. 6 skal "**kontrollutvalet rapportere resultata av sitt arbeid til kommunestyret**".

1. OM KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen (rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon) og selskap som kommunen eig (selskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og forskrift om kontrollutval.

Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller til dette.

Kontrollutvalet har eige reglement, vedtatt av kommunestyret i 2012 og revidert i 2014.

2. MEDLEMMENE I UTVALET

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemmene. Kontrollutvalet skal ha minst tre medlem, og etter § 77 nr 1 i kommunelova skal minst eit av utvalet sine medlemmer veljast blant representantane i kommunestyret. Tilsette i kommunen er utelukka frå val til kontrollutvalet.

For perioden 2015 - 2019 valde kommunestyret hausten 2015 følgjande medlemmer:

Faste medlemmer

Leiar	Øystein Susort (KrF)
Nestleiar	Arne Gjerde (H)
Medlem	Linda Ånderå Bokn (V)
Medlem	Åse Paulsen (Ap)
Medlem	Karsten A. Larsen (Frp)

Varamedlemmer:

1. Marit Hølland Gjedrem (Sp)
2. Sigdrid Skeiseid (Frp)
3. Katrine Bakkevig (H)
4. Harry Vessel Eike (A)
5. Asbjørn Espeset (KrF)

Øystein Susort var utvalet sin kommunestyrerepresentant. Han blei i juni gjeve permisjon frå verva pga. flytting. Utvalet består no av følgjande:

Faste medlemmer

Leiar	Arne Gjerde (H)
Nestleiar	Gustav Eidsvåg (FrP)
Medlem	Linda Ånderå Bokn (V)
Medlem	Åse Paulsen (Ap)
Medlem	Karsten A. Larsen (Frp)

Varamedlemmer:

1. Marit Hølland Gjedrem (Sp)
2. Sigdrid Skeiseid (Frp)
3. Katrine Bakkevig (H)
4. Harry Vessel Eike (A)
5. Asbjørn Espeset (KrF)

Gustav Eidsvåg er no utvalet sin kommunestyrerepresentant.

Leiar og nestleiar i kontrollutvalet har møterett i kommunestyret og talerett når utvalet sine saker blir handsama.

Ordføreren har møte- og talerett i utvalet. Han har til no ikkje møtt utvalet. Rådmannen har ikkje møterett, men kan bli invitert/kalla inn av utvalet. Han har i 2016 møtt ein gong sjølv, medan økonomisjefen har møtt to gonger og personalsjef, skulesjef, barnehagesjef, og leder fellessekretariatet ein gong.

Møta vert gjort kjent på kommunen sine nettsider og sekretariatet sine heimesider. På desse stadene vert også sakspapira og protokollar lagt ut.

3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2016

Kontrollutvalet har i 2016 hatt **4** (4) møte fordelt på to om våren og to på hausten. Kontrollutvalet sine møte er opne for publikum og presse med unnatak av når det er heimel i lov å lukke. Utvalet held møta i rådhuset.

Utvalet har i 2016 hatt **27** (25) saker til handsaming der **6** (7) av sakene er vidaresendt til handsaming i kommunestyret. **51** (43) saker er blitt lagd fram til orientering. Samla oversyn over saker og orienteringssaker følgjer som vedlegg til årsmeldinga.

På kontrollutvalskonferansen i regi av Norges Kommunerevisorforbund i februar deltok Åse Paulsen. På konferansen til Forum for kontroll og tilsyn i juni deltok Karsten A. Larsen. På dagskonferansen for kontrollutval i Rogaland i Sandnes 17. november deltok Paulsen og Larsen.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGAVER

Kontrollutvalet har oppgåver knytte til internt tilsyn og kontroll gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

4.1 REKNEKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap og rekneskap til kommunale føretak vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet hadde i møtet 23.05.16 kommunen sin årsrekneskap for 2015 til handsaming. Totalt sett blei rekneskapen for 2015 gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskot på kr 37,1 mill., som utgjer 3,1 % av driftsinntektene. Etter eit korrigert netto driftsresultat utgjer det nær 4 % av driftsinntektene inklusive renter og fråtrekk frå avtalt eigedomsskatt til Bokn kommune. Revisor og utvalet hadde ikkje merknader til rekneskapen, så det blei ikkje sett frist for tilbakemelding.

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeide ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Kommunestyret skal vedta planen. Tysvær kommune sin plan for 2016-2020 blei vedteken av kommunestyret i møte 21.06.16, sak 40/16.

Med bakgrunn i planen blei det bestilt eit forvaltningsrevisjonsprosjekt om temaet «Kvalitet på opplæringa i skulane». Ramma vart sett til 200 timar. Prosjektmandat blei lagd fram i septembermøtet med følgjande føremål:

Undersøke i kva grad skulane v/ skuleleiinga gjennomfører jamnleg skulebasert vurdering i tråd med forskrift om opplæring, og i kva grad verktøy vert nytta av skulane i kvalitetsarbeidet.

Undersøke i kva grad resultatmåla for skulane i strategiplanen for 2016- 2020 vert oppfylt.

Rapport var ferdig i januar 2017 og vert lagt fram for kontrollutvalet i februar og kommunestyret i mars.

4.3 SELSKAPSKONTROLL

I følgje kommunelova er kontrollutvalet pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal også her utarbeida ein plan for gjennomføring av selskapskontroll.

Planen for 2016-2020 og retningslinjene for slik kontroll blei vedtatt av kommunestyret i møte 21.06.16, sak 39/16 på bakgrunn av ei overordna analyse.

I 2014 vedtok eigarkommunane å delta i selskapskontroll av Haugaland Kraft AS og Haugaland Næringspark AS. Rapport var ferdig i mars 2015. Deloitte såg etter om selskapa hadde etablert system og rutinar for å sikre at selskapa vert drive i samsvar med vedtekter, politiske vedtak og regelverk. Det blei avdekket nokre få forbetringsspunktar, og det blei sett ein frist på 12 månader for tilbakemelding om oppfølging av tilrådingane. Utvalet fekk tilbakemelding om oppfølginga av selskapskontrollen i junimøtet.

Tysvær kommune har ikkje hatt si eige eigarskapsmelding for styring for dei verksemdar som kommune oppnemner representantar til. Utvalet bad om tilbakemelding frå rådmannen om eigarskapskontrollen i fyrste møtet på nyåret. Rådmannen har i løpet av 206 utarbeida eigen eigarskapsmelding. Den blei vedteken av kommunestyret i møte 25.10.16, sak 92/16.

4.4 TILSYN MED REVISOR

Tilsyn med revisjonen blir gjennomført ved gjennomgang av revisjonens planer og rapporter. Utvalet innhentar kvart år uavhengighetserklæring frå ansvarleg revisor.

KPMG AS har sidan 01.07.12 vore kommunen sitt revisjonsselskap. Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor er Roald Stakland, med kontor i Haugesund. Han har møtt på alle fire møta. Forvaltningsrevisorane har kontor i Bergen og har møtt ein gong i løpet av 2016.

Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte. Det er presentert revisjonsplan og lagt fram mandat og rapport frå forvaltningsrevisjonsarbeidet.

Kontrollutvalet gjennomførte i 2015 ny anbuds konkurranse om revisjonstenestene for perioden 2016-2020. Kommunestyret vedtok kontrollutvalet si innstilling om å velje KPMG AS som kommunen sin revisor i møte 15.12.15, sak 82/15. Noverande avtale gjeld for fire år med opsjon til å forlengje avtalen med 2 år.

4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga er gjennomført ved at utvalet har fått orientering frå rådmannen om spørsmål og saker utvalet har tatt opp. I 2016 har det vore mellom anna vore etterspurt om korleis politiske vedtak blir følgd opp, om post-/arkivrutinar, delegasjon og om reglar for utlån av utstyr og maskinar til kommunalt tilsette og rutinar rundt bruk av bil.

I novembermøtet blei utvalet orientert om ei sak der ein nabo ønskte å få utvalet til å iverksette undersøking i sak om innvilga dispensasjonssøknad og byggeløyve. Utvalet avviste saka då utvalet ikkje har mandat til gå inn i enkeltsaker eller overprøve politiske vedtak.

I november møtte økonomisjefen og han orienterte om førebels rekneskap 2016 og framlegg til budsjett 2017 og økonomiplan. Utvalet er og blitt orientert om statlege tilsyn, tertialrapportar, budsjettvedtak, KOSTRA-tall osv.

5 BUDSJETT/REKNESKAP FOR TILSYN OG KONTROLL

ANSVAR SOMRÅDE 10010	REGNSKAP 2016	BUDSJETT 2016	REGNSKAP 2015
REVISJON OG KONTROLLUTVAL			
Godtgjersle, kurs, m.m	50 404	70 000	28.352
Revisjonstenester (avt m/priv.)	510 059	426 000	362.683
Sekretariatstenester ((IKS)	177 000	177 000	170 000
Sum utgifter	737 404	673 000	561.035

Kontrollutvalet handsama hausten 2016 framlegg til budsjett for internt tilsyn og kontroll for 2017. Framlegg til budsjett var på kr 777.000 eks mva. Framlegget vart ikkje lagt inn av administrasjonen i rådmannens budsjettframlegg. Utvalet sitt framlegg skulle då vert lagt fram kommunestyret eksplisitt. Sjølv om det ikkje var gjort, vedtok kommunestyret, på bakgrunn av innspel frå utvalsleiar, å auke budsjettet til forvaltningsrevisjon for 2017 med kr 100.000.

6. SEKRETARIATET FOR KONTROLLUTVALET

Kommunane er pålagt å ha eit kontrollutvalssekretariat som er uavhengig, dvs. ikkje knytte opp mot rådmann eller revisjon. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS kom i drift frå 2005. Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette.

Sekretariatet har, i tillegg til kontakt og samarbeid med utvala, administrasjon og politisk leiing, samarbeid med tre revisjonsselskap, andre interkommunale selskap i regionen og sekretariata i Rogaland, Hordaland og Agder.

Selskapet har i 2016 fått nytt styret og oppdatert overordna strategiplan. Fast utvalssekretær har vore dagleg leiar Toril Hallsjø. Sekretariatet har eigne heimesider, www.kontrollutvalgene.no, kor mellom anna alle sakskart, protokollar og rapportar blir lagd ut fortløpande.

Frå Tysvær kommune er Gunn Marit Lygre valt som kommunen sin representant til representantskapet i IKSet med Anders H. Nordgård som varamedlem. Lygre møtte på det konstituerande møtet 25.04.16.

7. OPPSUMMERING

Året har vore prega av å få på plass nye planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll dei neste fire åra 2016-2020. Planane, basert på overordna analyser, blei vedteken av kommunestyret i juni etter innstilling frå utvalet.

Eit nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt er valt ut for 2017. Utvalet har også handsama oppfølging av rapport innan selskapskontroll. Administrasjonen har gjort eller vil gjere greie for saker som utvalet har bede om undervegs gjennom året. I

Aksdal, den 07.02.17

Kontrollutvalet i Tysvær

Arne Gjerde
leiar (sign.)

Gustav Eidsvåg
(sign.)

Linda Ånderå Bokn
(sign.)

Åse Paulsen
(sign.)

Karsten A. Larsen
(sign.)

OVERSYN OVER SAKER 2016– TYSVÆR KONTROLLUTVAL

Saker til behandling:

- 1/16 Godkjenning av protokoll frå møte 01.12.15
- 2/16 Årsmelding for 2015 frå kontrollutvalet
- 3/16 Plan for orientering om resultatområda og stabsfunksjonane
- 4/16 Referat- og orienteringssaker 09.02.16

- 5/16 Godkjenning av protokoll frå møte 09.02.16
- 6/16 Orientering frå administrasjonen – personal- og organisasjonssjefen
- 7/16 Eigarskapskontrollen i Tysvær kommune
- 8/16 Uttale om Tysvær kommune sin årsrekneskap 2015
- 9/16 Oppfølging av politiske vedtak
- 10/16 Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020
- 11/16 Plan for selskapskontroll 2016-2020
- 12/16 Referat- og orienteringssaker 23.05.16

- 13/16 Godkjenning av protokoll frå møte 23.05.16
- 14/16 Orientering frå administrasjonen – skulesjefen
- 15/16 Revisor si eigenerklæring 2016
- 16/16 Prosjektmandat - forvaltningsrevisjon - «Kvalitet i læringa i skulane»
- 17/16 Oppfølging av selskapskontroll – Haugaland Kraft AS og Næringspark AS
- 18/16 Budsjett 2017 – Kontroll og tilsyn – utvalet sitt framlegg
- 19/16 Referat- og orienteringssaker 08.09.16

- 20/16 Godkjenning av protokoll frå møte 08.09.16
- 21/16 Orientering om rekneskap og framlegg til budsjett 2017 og økonomiplan
- 22/16 Orientering frå administrasjonen - barnehagesjefen
- 23/16 Oppfølging av politiske vedtak
- 24/16 Utlån av utstyr og maskinar til tilsette og rutinar rundt bruk av bil
- 25/16 Plan for rekneskapsrevisjonen for 2016
- 26/16 Møteplan for 2017
- 27/16 Referat- og orienteringssaker 15.11.16

Referat- og orienteringssaker 2016 - Tysvær kontrollutval

1. Statusrapport pr. februar 2016
2. Årshjul – kontrollutvalet sine oppgåver
3. Teneste 1100 Kontroll og revisjon – rekneskap 2015
4. K-styrevedtak 15.12.15, sak 82/15 – Val av revisor 2016-2020
5. Evaluering og val av leverandør – Anbud på revisjonstenester 2016-2020
6. Workshop i regi av KPMG 18.01.16 – tilbakemelding
7. Kommunal rapport 19.01.16 – skatteinntektene 2015 – landsbasis
8. Kommunal rapport 19.01.16 – skattetallene for den enkelte kommune

9. Årsrapport og skatterekneskap 2014 - skatteoppkrevjaren i Tysvær kommune
10. Fylkesmannen i Rogaland – Informasjon om statleg tilsyn med kommunane i 2016
11. Rapport frå Haustkonferansen i Sandnes -munnleg
12. Rapport frå NKRF-konferansen 3.-4.02.16
13. eINFO 16/1 – Talerett i kommunale organ
14. Referat frå møte i Kommunesektorens etikkutval 23.11.15
15. Haugaland Vekst IKS – protokoll frå representantskapsmøte 11.12.15
16. Teieplikterklæring – ny utgåve

17. Statusrapport pr. mai 2016
18. K-styrevedtak 12.04.16, sak 14/16 – Forvaltningsrevisjonsrapport – Internkontroll
19. Signert avtale – Anbud på revisjonstenester 2016-2020
20. Kontrollrapport 2015 fra Skatteetaten – skatteoppkrevjarfunksjonen- Tysvær
21. Framlegg til ny kommunelov - NOU 2016:4 Ny kommunelov
22. KMD - høringsbrev – frist 06.10.16 for uttale
23. Representantskapsmøte 25.04.16 – Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
24. Representantskapsmøte 27.04.16 – Interkommunalt Arkiv Rogaland IKS
25. Representantskapsmøte 29.04.16 – Haugaland Vekst IKS
26. Representantskapsmøte 23.05.16 – Krisesenter Vest IKS
27. Representantskapsmøte 25.05.16 – HIM IKS
28. Representantskapsmøte 06.06.16 – Haugaland Kraft AS
29. FKT-konferansen 7.-8. juni – Karsten A. Larsen påmeldt

30. Statusrapport pr. august 2016
31. Komm.styrevedtak 21.06.16, sak 31/16- Søknad om fritak– Ø. Susort - nyval
32. Komm.styrevedtak 21.06.16, sak 39/16- Plan for selskapskontroll 2016- 2020
33. Komm.styrevedtak 21.06.16, sak 40/16- Plan for forvaltningsrevisjon 2016- 2020
34. Protokoll - Generalforsamling 06.06.16 – Haugaland Kraft AS
35. Protokoll - Havneråd 09.06.16 – Karmsund Havn IKS
36. Protokoll – Havneråd, 30.06.16 – Karmsund Havn IKS – sak 5/16 om godtgjersle
37. KS Bedrift – unntaksvis bruk av telefonmøte i interkommunale selskap
38. Utsatt sak om oppfølging av politiske vedtak – e-post 30.08.16
39. FKT-konferansen i juni – tilbakemelding frå deltakar Karsten A. Larsen

40. Statusrapport pr. november 2016
41. Komm.styrevedtak 25.10.16, sak 71/16 – Eigarskapsmelding – Tysvær kommune
42. Invitasjon – FKT i Rogaland - Haustkonferanse 17.11.16 i Sandnes – 3 påmeldt
43. Innkalling- repr.skapsmøte 01.12.16 – HIM IKS
44. Oppfølging av pålegg frå Statsarkivet og arbeid med arkivplan – utsett frist
45. Kommunal Rapport 29.09.16 – om revisjonsutgifter
46. Kostra-tall vedk. funksjon 110 – Kontroll og revisjon – kommunane på Haugalandet
47. Førebels svar på klagebrev frå Ståle Iversen, Førresfjorden
48. Klagebrev frå Ståle Iversen m/ vedlegg (FM, dispensasjonssøknad og byggesøknad)
49. Forum for Kontroll og tilsyn – høringsuttale til NOU: 4 Ny kommunelov
50. Tilbakemelding frå revisor - forvaltningsrevisjon «Kvalitet i opplæring i skulane»
51. Deltaking/påmelding - Kontrollutvalskonferanse Gardermoen 01.– 02.02.17

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	07.02.17	9/17
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 07.02.17**Vedlegg:**

1. Statusrapport pr. januar 2017
2. Teneste 1100 Kontroll og revisjon – rekneskap 2016
3. K-styrevedtak 13.12.16, sak 93/16 vedr auke til forvaltningsrevisjon med kr 100.000
4. Årsrapport og skatterekneskap 2016 - skatteoppkrevjaren i Tysvær kommune
5. Fylkesmannen i Rogaland – Informasjon om statleg tilsyn med kommunane i 2017
6. Rapport frå Haustkonferansen i Sandnes – munnleg
7. Rapport frå Kontrollutvalskonferansen 1. og 2.02.17 på Gardermoen
8. HIM IKS – protokoll frå represnetantskapssmøte 01.12.16
9. Haugaland Vekst IKS – protokoll frå representantskapsmøte 16.12.16


Saksorientering:

Vedlagt følger dei opplista tema (brev, melding og liknande) til kontrollutvalet til orientering.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Referatsakene nr 1 – 9 blir tatt til orientering.

Aksdal, 31.01.17



Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær



1

Kontrollutvalet i Tysvær

Statusoversikt januar 2017

Rapportar frå bestilling til behandling i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjon	Bestilling	Tidsbruk	Status	Ferdig	Merknader
Nytt prosjekt	30.05.17	?		Haut/vår -18	
«Kvalitet på opplæringa i skulane»	08.09.16, sak 17/16	200 timar	Bestilt	Januar 2017	KPMG AS
Selskapskontroller					
Andre saker					

Saker under politisk behandling eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjon	Bestilt	Behandling i KU	Behandling i KST	Planlagt oppfølging	Merknader
«Kvalitet på opplæringa i skulane»	08.09.16, sak 17/16	07.02.17, sak 6/17	07.03.17, /17	Ingen frist	
Rapporten «Internkontroll»	03.02.15, sak 3/15	01.09.15, sak 15/15	12.04.16, sak 14/16	07.03.17, sak	6 mnds frist,
Selskapskontroll					
Andre saker					
Orientering om personal	09.02.16	23.05.16	-	-	Personalsjef
Orient. om skule	09.02.16	08.09.16	-	-	Skulesjef
TK si eigarstyring	09.02.16	23.05.16	-	-	Økon. sjef
Delegasjonsreglement	23.05.16	07.02.17			
Rutinar, post & arkiv	23.05.16	07.02.17			
Orientering barnehager	09.02.16	15.11.16			Barnehagesjef
Oppfølging av vedtak	23.05.16	15.11.16			
Orientering omsorgssjef.	09.02.16	07.02.17			Omsorgssjef
Orientering helse/føreb.	09.02.16	30.05.17			

Avslutta prosjekter pr. januar

Forvaltningsrevisjon	Bestilt	Behandla i KU	Behandla i KST	Fylgt opp	Merknader
«Internkontroll»	03.02.15, sak 3/15	01.09.15, sak 15/15	12.04.16, sak 14/16	KST i vår	KPMG AS
Selskapskontroll					
Haugaland Kraft AS	09.09.14, sak 19/14	19.05.15, sak 9/15	08.09.15, sak 55/15	KST 27.09.17	Deloitte AS
Andre saker					
Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020	01.12.15, sak 24/15	23.05.16, sak 8/16	21.06.16, sak 40/16	Neste 4 år	KPMG AS
Plan for selskapskontroll 2016-2020	01.12.15, sak 24/15	23.05.16, sak 9/16	21.06.16, sak 39/16	Neste 4 år	KPMG AS



1 TYSVÆR KOMMUNE (2017) - År/Periode 2017 1 - 12

	24.01.2017	
	Regnskap	Budsjett
	2016	2016
Ansvar: 1012 POLITISK		
Teneste: 1100 KONTROLL OG REVISJON		
10100 LØNER FAST TILSETTE		
10509 ANNA TREKKPLIKTIG LØN	120	30.300
10803 TAPT ARBEIDSFORTENESTE	105	
10990 ARBEIDSGJEVARAVG	3.557	6.100
11151 REPRESENTASJON / BEVERTNING	533	
11500 KURSUTGIFTER	1.164	
11600 KILOMETERGODTGJERSLE	16.491	20.000
11709 ANDRE REISEUTGIFTER, - UTLEGG	2.850	7.000
11952 KONTINGENTAR OG LISENSAR	1.384	
13700 KJØP AV TENESTER FRÅ PRIVATE	4.200	3.900
13750 KJØP FRÅ IKS DER KOMMUNEN SJØLV ER DELTAKER	510.059	426.000
14290 MVA.PÅ VEDERLAG,MVA-PLIKTIG (DRIFT)	177.000	170.000
Sum teneste: 1100 KONTROLL OG REVISJON	845.488	
Sum ansvar: 1012 POLITISK	845.488	
TOTALT	845.488	
	717.463	
+ godtgjersle feilført på 1000	20.000	
	737.463	670.300



Utval: KOMMUNESTYRET

Møtestad: Kommunestyresalen,

Dato: 13.12.2016

Tidspunkt: 17:00

Medlemmer som møtte:

Sigmund Lier	AP	Ola S. Apeland	H	Anita Halsnes	AP
Maren Økland	AP	Synnøve Bårdsen Lindanger	AP	Einar Hesthammer	AP
